

Eksamen

28. mai 2018

HES2001

Helsefremjande arbeid/Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekstar som ikkje underbygger løysing av oppgåva eller drøfter problemstillinga, viser svært låg kompetanse i faget.</p> <p>Eleven viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i samsvar med kompetansemåla i yrket eleven har vald.</p> <p>Eleven skal grunngje og reflektere over kva, korleis og kvifor.</p> <p>Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Bruk kjenneteikn for kompetansemåla i Vg2 Helseservicefag.</p>
Andre opplysningar	Ingen

Du er tilsett i Helse-service, Oleanaveien 6, 0822 Oslo.
Det er 15 tilsette der, og du vel sjølv om du arbeider som:

- Helsesekretær på eit legekontor
- Tannhelsesekretær på eit tannlegekontor
- Apotekteknikar på eit apotek
- Portør

Oppgåve 1

Du møter mange sjuke pasientar kvar dag som kan ha nedsett allmenntilstand.
Helse-service er opptatt av å ha god hygiene og førebygge smitte.

- Gjer greie for kva for rutinar de har på arbeidsplassen og kva som er god og riktig hygiene når det gjeld prosedyrar.
- De har både reint, desinfisert og sterilisert utstyr på arbeidsplassen din. Ta utgangspunkt i yrket ditt og forklar forskjellen på dette. Når vert kva for utstyr brukt?

Oppgåve 2

I dag får du besøk av ei ung kvinne som nettopp har fått påvist pollenallergi. Både mor og far hennar er allergiske. Ho ønskjer informasjon og rettleiing.

- Forklar kva som skjer i kroppen ved allergi.
- Kva kan ho sjølv gjere for å lette plagene?
- Ein dag får ho plutselig allergisk sjokk (anafylaktisk sjokk) etter å ha ete noko. Forklar og utdyp kva som skjer i kroppen og kva for førstehjelp du ville ha utført.

Oppgåve 3

I dag kjem ein pasient/kunde, Eli Marthinsen, som ber om råd rundt livsstilssjukdommar og levevanar. Eli har slite med overvekt, høgt blodtrykk og har vore lite fysisk aktiv. Ho kjem frå legen sin og har fått diagnosen hjartekrampe (angina pectoris), men føler at ho treng meir rettleiing og informasjon rundt dette.

- Forklar kva hjartekrampe er og korleis det kan oppstå.
- Forklar kva for levevanar og livsstilsendingar det er viktig å endre eller starte opp med. Grunnje svaret.

Oppgave 4

Ein pasient/kunde, Anna Olsen, har ein stressande jobb der ho ofte jobbar lange dagar. Ho drikk mykje kaffi. I periodar har ho lite tid og moglegheit til å gå på toalettet. Anna har i periodar problem med sure oppstøyt, luftavgang og forstopping.

- Ta utgangspunkt i Anna sin situasjon og forklar korleis fordøyingssystemet fungerer og gje eksempel på fysiske og psykiske faktorar som kan påverke det.
- Anna ønskjer informasjon og rettleiing om kva ho kan gjere for å betre plagene sine. Kva for informasjon og rettleiing vil du gje?
- Kva for reseptfrie legemiddel kan vere aktuelle å bruke ut frå plagene hennar? Du gir informasjon og rettleiing om aktuelle preparat. Grunnleggj vala dine.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekster som ikke underbygger løsning av oppgaven eller drøfter problemstillingen, viser svært lav kompetanse i faget.</p> <p>Eleven viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrket eleven har valgt.</p> <p>Eleven skal begrunne og reflektere over hva, hvordan og hvorfor.</p> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Bruk kjennetegn for kompetansemålene for Vg2 Helseservicefag.</p>
Andre opplysninger	Ingen

Du er ansatt i Helseservice, Oleanaveien 6, 0822 Oslo.
Det er 15 ansatte der, og du velger selv om du arbeider som:

- Helsesekretær på et legekontor
- Tannhelsesekretær på et tannlegekontor
- Apotektekniker på et apotek
- Portør

Oppgave 1

Du møter mange syke pasienter hver dag som kan ha nedsatt allmenntilstand. Helseservice er opptatt av å ha god hygiene og forebygge smitte.

- Redegjør for hvilke rutiner dere har på arbeidsplassen og hva som er god og riktig hygiene når det gjelder prosedyrer.
- Dere har både rent, desinfisert og sterilisert utstyr på arbeidsplassen din. Ta utgangspunkt i ditt yrke og forklar forskjellen på dette. Når brukes hva?

Oppgave 2

I dag får du besøk av en ung kvinne som nettopp har fått påvist pollenallergi. Både hennes mor og far er allergiske. Hun ønsker informasjon og veiledning.

- Forklar hva som skjer i kroppen ved allergi.
- Hva kan hun selv gjøre for å lette plagene?
- En dag får hun plutselig allergisk sjokk (anafylaktisk sjokk) etter å ha spist noe. Forklar og utdyp hva som skjer i kroppen og hvilken førstehjelp du ville ha utført.

Oppgave 3



I dag kommer en pasient/kunde, Eli Marthinsen, som ber om råd rundt livsstilssykdommer og levevaner. Eli har slitt med overvekt, høyt blodtrykk og har vært lite fysisk aktiv. Hun kommer fra legen sin og har fått diagnosen hjertekrampe (angina pectoris), men føler at hun trenger mer veiledning og informasjon rundt dette.

- Forklar hva hjertekrampe er og hvordan det kan oppstå.
- Forklar hvilke levevaner og livsstilsendringer det er viktig å endre eller starte opp med. Begrunn svaret.

Oppgave 4

En pasient/kunde, Anna Olsen, har en stressende jobb der hun ofte jobber lange dager. Hun drikker mye kaffe. I perioder har hun lite tid og mulighet til å gå på toalettet. Anna har i perioder problemer med sure oppstøt, luftavgang og forstoppelse.

- Ta utgangspunkt i Anna sin situasjon og forklar hvordan fordøyelsessystemet fungerer og gi eksempler på fysiske og psykiske faktorer som kan påvirke det.
- Anna ønsker informasjon og veiledning om hva hun kan gjøre for å bedre plagene sine. Hvilken informasjon og veiledning vil du gi?
- Hvilke reseptfrie legemidler kan være aktuelle å bruke ut fra plagene hennes? Du gir informasjon og veiledning om aktuelle preparater. Begrunn valgene dine.



www.vigoiks.no/eksamen